



Arkitekt Knut Willie Jacobsen

5912 Seim

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2006/2293 - 26556/2008	Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	137/703	24.11.2008

Delegert sak

Igangsettingsløyve grunn- og betongarbeid - bustad - Trond Moberg- Gbnr 137/703 Alver

Vi viser til søknad om igangsettingsløyve (e-post) motteken 23.11.2008 og vedlagt:

- Samtykke til tilknytning til avløpsledning motteken 05.11.2008
- løyve til tiltak (på vilkår) datert 24.11.2005

Eit vilkår for å setta i gang bygging av bustad, er at tilknytning til godkjent utsleppsanlegg er dokumentert. Det er no lagt fram samtykke frå alle eigarane av anlegget.

Tiltakshavar vil komma med søknad om endring av løyve (utforming av bygg, ansvarshavande).

Saksutgreiing/Vurdering:

Søknaden gjeld utføring av grunnmur / plate for bustad.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)			
Tilleggsgebyr, lite			2.300

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 93, jf. § 95 a, vert det gjeve igangsettingsløyve for utføring av grunnmur / plate for bustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast i samsvar med løyve til tiltak datert 24.11.2005

(forts)

2. Fyr byggearbeid over grunnmur vert sett i gang, må **søknad om tilknytning til vatn og planar for vassforsyning og avløp** vera godkjent av kommunen ved VVA – teknisk drift.

Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett i løyve datert 24.11.2005:


SØK	Bygningar og installasjonar, tiltaksklasse 1	Arkitekt Knut Willie Jacobsen
PRO/KPR	Bustad og naust med installasjonar, tiltaksklasse 1	Arkitekt Knut Willie Jacobsen
UTF/KUT	Bustad og naust med installasjonar, utanom røyrl.	Nils-Jarle Skare

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle (s)
fagleiar byggesak



Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Kopi til:

Torill og Trond Moberg Mjukebakkane 3 5918 Frekhaug